

Per Helge Bø – 45/235
Urhaugvegen 8 – 5936 Manger
Kurt Grindheim – 45/234
Urhaugvegen 10 – 5936 Manger

Radøy Kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Merknader til planforslag

– Reguleringsplan Urhaug bustadområde sak 027/2018.

Viser til kunngjering om 1. gongs høyring i ovennemde sak, og vil koma med nokre merknader til planen.

Merknad 1:

Vi forstår ut frå planen at all trafikk til det nye feltet skal gå via SV3 til SV1. SV1 går her i ein bakke, og er etter det vi kan sjå, ikkje planlagt breiare enn den er i dag. Det gjer at all trafikk (38 bilar + gjester) til og frå feltet må bremse og ruse motorane tett opptil husa våre, som ligg tvers over planlagt innkjørsel, då det vert relativt smal veg og bakke både i SV1 og SV3. Dette vil gje oss eit heilt anna trafikkbilete enn i dag og soleis ei større støybelastning døgeret rundt.

Vi er og redde for at bebuarar og gjester til BKS1 og 2 vil bruka vegskulder/vår plen som parkeringsareal i mangel av opparbeidde plassar til husa (planlagt 16) krav 18 plassar med 1,5 bilar på kvar + evnt. Gjestar.

Vi vil derfor be kommunen setje krav til utbyggjar om å finna ei anna/betre løysing til vegutløysing for feltet enn den som er skissert her.

Eks. 1 kan være å avtala å koma inn på utkjørsla til SV2, som kjem ut på ein flate på SV1 og mykje breiare veg.

Eks.2 kan være å leggje inn i rekkefølgekravet at vegbredda på SV1 Vert utvida mellom, SV2 og forbi SV3, og at det vert sett opp støyskerm mot eigedomen 45/234.

Merknad 2:

Det står i planen at ein ikkje har planlagt fortau langs Urhaugvegen i samband med utbygginga grunna liten trafikk. Det meiner vi er feil.

Urhaugvegen er svært populær som trimløype, og vert populært kalla «strafferunden», der turen går via sentrum, rundt Urhaugvegen og opp til sentrum igjen. Vi er kjent med at andre beboarar i Urhaugvegen, fleire gonger har vore i kontakt med kommuneadministrasjonen for å få i gang tiltak grunna stor trafikk, og høg fart gjennom vegen, noko vi og merkar godt med det beine strekke vi har forbi husa etter svingen nedanfor SV3.

Nedanfor SV3 og ned til svingen, er det og pr. i dag 10 bueiningar som naturleg vil nyttja Urhaugvegen til busstoppet som ligg oppe ved krysset SKV/SV1.

Vi vil derfor av den grunn be om at fortau blir lagt inn under rekkefølgekrava.

Merknad 3:

Med 19 nye bueiningar med tilhøyrande trafikk, vert det ein stor fortettingsgrad med nesten ei fordobling av bueiningar innafor eit geografisk begrensa område sør for SKV. Med eit område med berre einebustader og tomannsbustader vert det spesielt utfordrande med 6 mannsbustader.

Vi vil derfor be kommunen om å vurdera antall på bueiningar, og evnt. Gjera 6 mannsbustadane om til mindre antall einingar.

Manger 16.07.2018

Per Helge Bø
Per Helge Bø

Kurt Grindheim

Kurt Grindheim